

**Meir enn eitt maratonløp på Grønland!**

16.05.2010

**Ekspedisjonens dag nummer 21 på Grønland arta seg som meir enn eit maratonløp:  
Dei 13 i gjengen gjekk faktisk rekord-distansen 43 kilometer, men så er dei da også etterkvart prega av heimlengt og går nedoverbakke.....**

No ser dei også faktisk fjell og det er ein velkommen avveksling frå alt det hvite, konturlause og flate. Økta i dag blir også lang - den er førebels på 30 kilometer når rapporten blir ringt inn. Men denne dagen starta med utruleg dårleg føre - ingenting fungerte og det berre kladda.

Målsettinga er likevel at dei skal vera framma i Isortoq i morgon. Pulkane er no nede i ei vekt på 20-25 kilo medan dei vog 60 kilo ved starten.